

Oskeladden som kappåt med trollet

Det var ein gong ein bonde som hadde tre søner. Sønene skulle ut og hogge ved i skogen. Første dagen gjekk den eldste. Han byrja å hogge. Da kom trollet og sa: «Dersom du høgg i skogen min, så skal eg drepe deg.» Da gjekk den eldste sonen heim att.

Andre dagen gjekk den mellomste sonen. Han byrja å hogge. Trollet sa: «Dersom du høgg i skogen min, så skal eg drepe deg!» Da gjekk den mellomste sonen heim att.

Tredje dagen gjekk Oskeladden. Brørne hans mobba han og sa at han aldri kom til å klare å hogge ved. Han fekk med ost og skreppa og gjekk av stad. Han byrja å hogge. Trollet sa: «Dersom du høgg i skogen min, så skal eg drepe deg!» Oskeladden fann fram osten frå skreppa og klemde han flat. Han sa: «Dersom du ikkje er stille, så skal eg klemme deg akkurat som eg klemmer denne kvite steinen.» «Nei, spar meg,» sa trollet. «Eg skal hjelpe deg å hogge.»

Oskeladden vart med trollet heim til hola. Dei skulle ete graut. Oskeladden spurde trollet: «Skal vi ete om kapp?» «Ja,» svarte trollet. Oskeladden tok skreppa på magen. Han åt litt graut sjølv og helte mange skeier ned i skreppa. Da skreppa var full, tok han fram ein kniv og rispa eit hol i henne. «No er eg mett,» sa trollet. «Ikkje eg,» sa Oskeladden. «Gjer som eg, skjer hol i magen din når du blir mett, så har du plass til meir graut.» Trollet gjorde som Oskeladden sa, og døydde av det.

Oppgåver:

Sjå Elevbok 4B side 173.

Gjer oppgåvene 2, 3 og 4.

Copyright © Caprino Filmcenter (www.caprino.no)

